

Styremøte 2-2015 - Referat

Måndag 9. mars 2015 kl. 18:00 hos Inge

Desse møtte: Terje Edvardsen, Alvin Honningsvåg, Arne Hjertenes, Jan Lundebrekke, Inge Bakke

Sak 1: Registrering i Brønnøysund

Siden vi er eit samvirkeforetak må vi oppdatere informasjonen i Brønnøysundregistrene kvart år når styret får nye medlemmar. Arne må underskrive ei erklæring om at han er villig til å sitte i styret.

VEDTAK: Erklæring med underskrift sendast Brønnøysundregistrene.

Sak 2: Parkering mellom slippen og parkeringsplassen

Kommunens har seinast i dag lovt å merke kanten seinast innan neste veke.

VEDTAK: Kommunens merking av kanten bør være tilstrekkelig. Til våren vurderer vi utviding slik at det blir litt mer rom for å køyre djupare inn på parkeringsplassen. Jan Seljen har lovt at han skal sette bilen parallelt med vegen og lengst mogeleg inn. Men kun ein bil. Han har sjølvsagt høve til å parkere på den store plassen, om han ønskjer det.

Sak 3: Eigedomstilhøva i hamna

Årsmøtet ga styret i oppdrag å rydde opp i uklåre eigedomstilhøve når det gjeld utriggarane.

VEDTAK:

Framlegg til årsmøtet 2016: Prinsippet om at plasseigar eig halvparten av utriggarane på kvar av sidene på båsen må stå fast. Standard plass skal ha gangbar utriggar på ei side, og fortøyningsbom på andre. Der plasseigarane har erstatta fortøyningsbommen med gangbar utriggar, skal prisen for plassen avspegle det. Det skal derfor opprettast eige priskategori for plass med gangbar utriggar på begge sider. Dette gjerast ved å legge til 5000 kr på opprinneleg pris.

Paragraf 3, punkt Andelsinnskot vert derfor slik:

	6 m utrigger + fortøyningsbom	6 m utrigger på begge sider	8 m utrigger + fortøyningsbom	8 m utrigger på begge sider
Brygge A og B, standard 3,5 m bredde	40.000	45.000	45.000	50.000
Brygge C, standard 3,0 m bredde	38.000	43.000		
Plass med utrigger på ei side	20.000			

Sak 4: Etablering av nye plassar

VEDTAK: Vi trenger 3 stykk 6-meters utriggarar, bredde 60 cm, for å opprette 5 nye plasser med utriggar på ei side. Det vert to plassar inst på A-brygga, ein plass inst på B-brygga og 2 plassar på C-brygga.

Dersom nokon skal bytte 6-meters utriggar med 8-meters, kan vi ta 6-meteren i bytte og kjøpe tilsvarende færre nye.

Vi kjøper utstyret frå Marinas Solutions, Ørsta, ved seljar Tommy Giil. Pris for utriggar 6 meter, 60 cm bredde er 17.220 kr inkl. mva. I tillegg kjem nødvendige beslag og frakt. Vi undersøker kvar vi kan få rimelegast frakt.

Vi kunngjer på nettsida og med plakat i hamna tilbodet om å kjøpe utriggarar samstundes med laget sitt innkjøp, og dermed dele på frakta.

8-meters utriggar med bredde 60 cm koster 18.788 kr inkl. mva. 6-meters utriggar med 60 cm bredde koster 17.220 kr.

Dersom vi får ein 6-meter i god stand i bytte, vil det berre koste mellomlegget, dvs. 18.788 kr – 17.220 kr = 1.568 kr. I tillegg kjem utlegg til nødvendige festebeslag, typisk 500 kroner per stykk.

Sak 5: Innkreving av medlemskontingent etc.

Vedtektene:

Rekneskapsfører syter for at innbetalingsblankettar for bryggjeavgift vert sendt ut til andelseigarane seinast 15. mars kvart år.

Vi sparer pengar på å gjere dette sjølv.

VEDTAK: Vi tar i bruk den nettbaserte tjenesten **Send Regning**, sendregning.no, til innkreving av medlemsavgift, straum, frikjøp dugnad og alle andre krav.

Sak 6: Flyteelement

1. Bytte av flyteelement i brygge A
2. Oppretting av brygge C
3. Feste løse flyteelement i brygge B

VEDTAK: Vi bestiller fra Bygger'n, Selje. Utførast på dugnad når alt er på plass. Ansvar: Terje.

Sak 7: Dugnad

Det går mot vår, og snart tid for å tenke på ein dato for dugnad.

VEDTAK: Dugnad etter 17. mai. Dato vert fastsett seinare.

Sak 8: Sikringstau

Laget har kjøpt rødt tau som er tenkt brukt til sikringstau på undersida av inste del av utriggarane på eine sida av bryggene. Dette skal fungere slik at dersom du fell i sjøen, kan du entre deg etter tauet fram til næraste redningsstige.

VEDTAK: Styremedlemene vert pålagt å studere bryggene kvar for seg og komme med framlegg til ein god måte å feste tauet på.

MØTET SLUTT